



Vanylven kommune
Rådhuset
6143 FISKÅBYGD

Vår dato:

04.01.2022

Vår ref:

2020/4326

Dykkar dato:

13.12.2021

Dykkar ref:

20/1241 21/2335

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vanylven kommune

Detaljregulering for E40 – Slagnes

Reviderte plandokument

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Framlegg til detaljreguleringsplan for fritidsbustader ved Slagnes har tidlegare vore lagt ut til offentleg ettersyn. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fremja motsegn mot planen i vårt brev av 10.05.2021. Motsegna gjaldt areala kalla SPP og BFK, der planframlegget la opp til fritidsbustader om lag 18 meter frå sjøkanten og parkeringsareal på ei (truleg ulovleg utført) fylling i sjøen. Det ligg no føre nye og reviderte plandokument, der forslagsstillar ber Statsforvaltaren om å trekke motsegna si.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg

Planområdet er redusert med omsyn til førre framlegg, og omfattar no kunn det som i kommuneplanen er merka som E40 – område for reiselivsverksem. Tiltakshavar ønskjer å etablere fritidsbustader for sal. Ut frå at planområdet no omfattar kunn areal som er avklåra i overordna plan, kan vi trekke motsegna vår, og vi har ingen merknader til det nye framlegget.

Strandsone

Det er etablert ei utfylling i sjøen på om lag 500 m² nedanfor E40. Dette utfyllingsarealet var i førre planframlegg ein del av planområdet. Det gjekk fram av plandokumenta at denne fyllinga neppe var eit lovleg utført tiltak. Dette arealet er no tatt ut av planen. Vi minner likevel om at kommunen har eit ansvar for å følge opp ulovlege tiltak, jf. plan- og bygningslova § 32. Som vi

peika på i vårt førre høyringsbrev i saka, vil dette området kunne ha verdi som strandsone for både ferdsel, opphold og rekreasjon, i tillegg til biologisk mangfald, om det tilbakeførast til sin naturlege tilstand så langt råd. Vi forventar at kommunen følgjer opp dette og gir tilbakemelding til Statsforvaltaren om status i saka.

Konklusjon

Vi trekkjer motsegna frå vårt brev av 10.05.2021 og har ingen merknader til planframlegget. Vi ber kommunen om å følgje opp det som gjeld utfyllinga i sjøen nedanfor planområdet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen